

SAKSHANDSAMAR

Kristi Vindedal/Sjur Helseth

VÅR REF.

07/02013-2

Ark. Forvaltning

000.1

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

98202846

DYKKAR DATO

VÅR DATO

04.01.2008

TELEFAX

+47 22 94 04 04

postmottak@ra.no

www.riksantikvaren.no



Det Kongelige Olje- og energidepartement  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
08 / 00083 - 3	
DATO 08 JAN. 2008	
AN	EKSP.

## MERKNADER TIL HØYRING AV ENERGILOVGJEVINGA

Riksantikvaren viser til tre høyringsseminar som Olje- og energidepartementet har halde hausten 2007 og invitasjon til å komme med skriftlege merknader.

Riksantikvaren vil i det følgjande ta opp to tema.

### Kulturminneinteresser i reguleringsmagasin – rammer for magasindisponering

På bakgrunn av rapport fra Multiconsult om rammer for magasindisponering og miljøinteresser knytt til dette, ser Riksantikvaren behov for å komme med merknader som vi ber departementet ha med seg som eit supplement av det faglege grunnlaget i si vidare vurdering. Synspunkta vart og framført på OED sitt høyringsseminar 13.november 2007.

I rapporten fra Multiconsult om rammer for magasindeponering som OED har fått utarbeidd som del av evalueringa av energilova, blir kulturminneinteresser omtalt som ein av fleire allmenne interesser eller miljøinteresser knytt til vassdrag.

Rapporten viser til at forholdet til kulturminneinteresser skal løysast gjennom konsesjonsbehandlinga. Rapporten seier også at i nokre tilfelle i eldre konsesjonar har ikkje kulturminne blitt tilfredsstillande sikra før magasin blir tatt i bruk.

Rapporten hevdar at dette gjeld eit fåtal vassdrag og konkluderer derfor med at det er svært sjeldan at disponering av eksisterande reguleringsmagasin har innverknad på kulturminne. Med denne konklusjonen avsluttar rapporten behandling av kulturminnetema. Dette er etter Riksantikvarens syn ein forhasta konklusjon.

Riksantikvaren er enig i at normalt bør kulturminneinteressene avklarast og sikrast i konsesjonsbehandlinga. Ved konsesjonar som blir gitt i dag, blir det då også gjennomført undersøkingar og evt utgraving dersom ein ikkje kan unngå konflikt ved endring av planane.

Multiconsultrapporten undervurderer omfanget på problem for kulturminne knytt til eldre konsesjonar. I regulerte vassdrag der konsesjon er gitt før 1960, har det ikkje blitt gjennomført kulturminnegnologiske undersøkingar i reguleringsmagasina eller

Postadresse:

Riksantikvaren

Dronningens gate 13

Postboks 8196 Dep

0034 Oslo

Tlf. 22 94 04 00

Besokadresser:

Distriktskontor Øst

Oslo

Dronningens gate 13

Distriktskontor Syd

Tønsberg

Nedre Langgate 30 D

Distriktskontor Vest

Bergen

Dreggsallmenningen 3

Distriktskontor Nord

Trondheim

Kjøpmannsgata 25

A:5803

vassdraget elles. Desse konsesjonane er nå i ferd med å bli klar for fornyelse og/eller det er tid for at konsesjonsvilkåra kan reviderast.

Uoffisielle tal tilseier at 26 konsesjonar nå framover kjem til fornyelse, 17 er allereide fornya med krav om kulturminneundersøkingar, med der desse enno ikkje er gjort og det er ca 100 som kan komme til revisjon. Alså litt over 140 konsesjonar til saman. Dersom ein bruker produksjon som eit mål, ser ein at konsesjonar frå før 1960 som skal fornyast eller reviderast tilsvarar ein produksjon på ca 19 TWH for revisjonar og ca. 10 TWh for fornya konsesjoner (gitte og kommande). I følge statistisk årbok var samla årsproduksjon frå vasskraft i 2006 ca 120 TWh. Altså utgjer konsesjonar frå før 1960 til saman i underkant av ein fjerdedel av samla produksjon.

Vi viser til rapporten frå ei arbeidsgruppe med representantar frå energiforvaltning og energibransjen og frå kulturminneforvaltinga der ein har utgreidd måtar å løyse behovet for kulturminneundersøkingar økonomisk på, til oppfølging i årets forslag til statsbudsjett frå OED. Dette er følgt opp med forslag om å opprette ei sektoravgift for kulturminnetiltak i vassdrag i samband med fornya konsesjon eller revisjon av vilkår.

Sjølv om dei arkeologiske kulturminna etterkvart vil bli sikra gjennom registrering og/eller utgraving, vil det for fleire magasin kunne bli valt andre løysingar der kulturminna blir liggande, men under overvaking. Det vil også måtte ta tid før planlagte undersøkingar kan gjennomføast, då eitt vilkår er at dei skal utførast i periodar når magasina likevel er nedtappa. Det vil kanskje vere snakk om fleire tiår før ein er i mål.

Arkeologiske kulturminne i reguleringsmagasin blir påverka av fleire tilhøve; erosjon, overleiring, uttørking, isskuring og bølgepåvirkning er nokre av desse.

Undersøkingar som vart gjennomførde i Aursjømagasinet sommaren 2006 med registreringar og utgravingar, har gitt viktig ny kunnskap. Det vart gjort mange funn av kulturminne som gir grunnlag for auka kunnskap om forhistoria i området. Men undersøkingane har også gitt ny kunnskap om kva som påverkar bevaringsforholda, kunnskap som peiker i retning av at ulike manøvreringsmåtar har betydning for bevaringsforholda for kulturminnene. Kunnskapen blir systematisert og resultata vil kome etterkvart. Det er likevel alt no mulig å trekke fram nokre poeng:

Eksponering av reguleringssona (særlig øverste del) legg kulturminna opne for erosjon og uttørking. Dei kulturminna som ligg lengst ned i vatnet er dei best bevarte. Den beste situasjonen for kulturminna er at oppfylling startar så tidleg som mulig om sommaren.

Bølgeslaga akkurat når vatnet fylles opp og tappast ned har ein klar erosjonseffekt på kulturminnet. Det har heilt klart ein betydning om dette skjer ein til to ganger i sommarsesonengen eller for eksempel 10 til 15 gonger.

#### Riksantikvaren sin konklusjon:

Omfanget av reguleringsmagasin der det ikkje er gjennomført kulturminneundersøkingarr og der det dermed kan finnast kulturminne, gjer at dette er eit

miljøomsyn som bør vektleggast på linje med andre miljøomsyn når ein vurderer verknadene av ulik magasindisponering. Det vil i ein lang periode framover framleis vere reguleringsmagasin med arkeologiske kulturminner som ikkje er undersøkt.

Det er indikasjonar på at ulik manøvrering har ulik verknad på bevaringsforholda for arkeologiske kulturminne i reguleringssona, t.d. vil tidleg nedtapping og stadige opp og nedtappingar forverre bevaringstilhøva.

Desse tilhøva må vere med i vurderinga når Olje- og energidepartementet skal avgjere korleis miljøovervaking og avbøtande tiltak skal innarbeidast i evt framlegg til lovendringar.

#### Forslag om endringar knytt til energieffektivitet i bygg

Riksantikvaren legg vekt på at ein evt energideklarasjon for eksisterande bygningar baserer seg på faktisk målt forbruk. I samband med dette, viser vi til ENOVA si kartlegging av energibruk i næringsbygg, der eldre næringsbygg kom svært godt ut. Berekna forbruk blir upresist, då bruksmönster etc spelar vesentleg inn, og det er i grunnen ikkje noko poeng i å beregne det ein kan måle. Direktoratet vil òg peike på at dersom ein vurderer total miljøverknad utifrå heile livsløpet for ståande bygningar, vil det ofte gje andre resultat enn snever fokus på energibruk. Dette er eit perspektiv det er viktig å ha med, viss ikkje kan einsidig fokus på energi føre til at ein vel løysingar som i sum er særbelastande for miljøet. Til slutt er vi noko undrande over vektlegging av oppvarmingsbehov i ein situasjon der større og større del av energibruken i næringsbygg går til kjøling.

Beste helsing

Marit Huisse (e.f.)  
Åndelingsdirektør

Margrethe Tviberg

Kopi til:

Miljøverndepartementet - Kulturavdelingen, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO